

# KLIMACAFÈ OM KLIMA OG NATURMANGFALD
# 27.01.2022

## Utvikling av ny reiselivsdestinasjon i Myrkdalen - arealbruk i eit klimaperspektiv frå byrjinga og fram til i dag


**Myrkdalen Fjellandsby AS**
**nils.akselberg@myrkdalen.no**

V/Akselberg

Laussal 30 øre

# Hordaland

— TIDLEGARE: «VOSSEBLADET» —

26/1-06 R. Bobland.

Nr. 63 Onsdag 23. august 1967 84. årg.

## ...eplan ...aust.

...s 1 time

...anger kan ve-
...nbanelina når
... omlagd. For
...gjingi ta tra-
... å segja for
...evna, segjer
...ge.
... i år vedlike-
...5 mill. kr. til
...msbana. I su-
...t 1 km. nye
... strekkjer —
...al og Tauge-
...millom Upsete
...like arbeid i
...r med på ar-
... 30 km. over-
... distrikt har
... Flåmsbana.

## Grendafest med perspektiv i Myrkdalen.

### Korleis vil Myrkdalen vera i år 2000?

Eit program med perspektiv hadde Myrkdalen Ungdomslag laga til på Grendafesten i ungdomshuset laurdag og det samla fullt hus av gamle og unge..

Formannen Knut M ø r k v e gjorde sitt til at bygdefolket fekk kjenna seg fri dei stive siviliserte former og ynskte velkomen til fjells der ein kan vera seg sjølv. Lars S k j e r v h e i m var godven med fela og leika fram fjellstemning i «Budeione» i original versjon etter han Brita-Lars-Sjur, ein melodiøs gangar med fin takt og rytme «Eg er liten eg — men eg vågar meg», etter same læremeister Sjur Helgeland og den originale «Fanitullen» etter Myllarguten. Unge gutar og gjentor song og spela eit fint utval av viser med nyare folketonedåm og Henrik H o m m e d a l stevja «Skuldalsbruri» slik berre han kan det. Det er leitt om ikkje fleire vil gå til han og læra denne fine folkekunsten. — Skjervheim tolka same motivet i slåtten med same namn. Etter feit rjomegraut og spekemat var det gamle Johs. T v e i t e som fyrst drog opp dansemusikken på to-rada trekkspel som laga ei eigi koseleg stemning.

Hovudpostane på programmet var kåseri av historikaren Ivar R e f s d a l om dalen i gamle dagar og universitetslektor Hans S k j e r v h e i m om dalen i år 2000. Refsdal sa fyrst frå at han ikkje likar Myrkdalsnamnet som er hengt på den vene dalen av uvedkomande. Han vilde gjerne verta kvitt dette namnet som høver ille og er ei forvansking.

Ingen veit når dalen vart bygd eller kvar folket kom frå. Kanskje kom dei frå Sogn. So seint som i mi tid dreiv dei og bytte budeier og gifte seg vekk til Sogn og Myrkdalen. Me kjenner vel att noko av sognehumøret i dalen.

Det seiest at det var to brør som fyrst kom til dalen. Dei stod ved elvi og hadde vanskar med korleis dei skulde dela han millom seg. Han som var yngst fekk velja fyrst og han valde solsida på Skjervheim. Det seiest at Ulvund er eldste garden, men var sogningane fyrst komne var dei vel ikkje seine om å rydja fleire gardar.

Me veit at myrkdølene har drive mykje med jarnbrenning og har vore sjølvhjelpne med det. Men at dei spara på jarnet og, ser me på fine beslag på dører og kister. Dei var flinke smedar. Seinare har dei dyrka mykje humle som dei reidde til Austlandet og fekk svenskejarn med seg heim. Veiding har vore ei god attåtnæring om vinteren, men prisen — 50 øre paret — er vel ikkje den same i dag som i mi tid.

Her er lite får etter dei eldste tider, anna enn friarvegane til Sogn. Her er mykje og god jord og vert godt stelt. So store og gode beite er det vel ikkje mange dalar som kan visa maken til.

So seint som Refsdal sjølv kunde minnast attende — for mest 70 år sidan — var det eit

(Framh. 4. side).

## Trafikknedgang på Flåmsbana.

Frå jarnbanestasjonen i Flåm får «Sogn og Fjordane» opplyst at det i juli månad reiste 19.750 med Flåmsbana. I fjor var det 20.580 reisande, slik at nedgangen er 700. Nedgangen kjem seg av den dårlege sumaren og det er lokalturane som sviktar når soli ikkje skin. Reisande frå utlandet er som før.

Når det gjeld godstrafikken er den svært bra og held seg godt oppe. I juli var det som ventande litt mindre på grunn av fellesferiane, men no er godstrafikken for oppgåande att.

## ...der for idrotten på Dale.

...ttsungdomen
...sanlegg som
...ken til i fyl-
...dag for indu-
...gging, salutt,
...j gjenom ga-
...der eit stort
... omført trass
...nar.

... overlevering
... var det 100
...m. for senior,
... ein gjente-
...p der gjen-
... Salhus med

...marar møtt
...ino» og viste

...tballklubben
...målåtne enn
...et Dale med
...ekampen på
...
... kommunal

i tillegg til 50.000 kr. frå før. Dale Fabrikker gav 10 ullteppe i tillegg til tidlegare tilskot og gav idrottslaget ein kjempestor vandrepokal i sylv og 8 små eingongspremiar. Det vert eit problem for laget å laga statuttar for pokalen. Frå entreprenøren Tysnes Bulldosarlag fekk laget ei stoppeklokke. Til slutt fekk formannen i anleggsnemndi Otto Vågen gåve og takk frå ordføraren og Vågen takka sine gode medarbeidarar og flinke arbeidsfolk.

Kommuneingeniør Jo Leiro som har planlagt og hatt overoppsynet for anlegget gjorde greide for arbeidet som har gått etter eit stramt og godt program.

Ordførar Prestegard kunde elles fortelja at kommunen ikkje er ferdig med sine tiltak til bate for idrotten enno. I det nye ... for ungdoms-

## Bondelagsturen 1967

starta onsdag 9. august og varde i 5 dagar. 30 stk. var med på turen som i år gjekk gjenom Telemark — [illegible]stfold — Austfold [illegible] Akershus og attende over Hall[illegible]- føreta utval av søkjarane. Heile reiselaget vart bode inn i heimen til rektor Steinslid og kona (som er frå Voss) og [illegible] kaffi og eit godt må[illegible] mat.



kje då at vitaminin i poteta gjorde si gode gjerning og heldt mykje sjukdom borte.

Iførre hundreåret var her mykje folk og for lite å leva av i dalen. Amerikafeberen greip mykje om seg og alle som kunde skaffa seg billettar drog or dalen. Dei beste reiste med alt dei kunde få med seg av eiga og dalen vart fatig ogso på folk ei tid, men dei slang igjenom dei som var att. No er levemåten so mykje betre. Me har det bra, togge og tillaga på alle måtar, sa Refsdal.

Folk i dalen har halde på gamle gode skikkar. No står me med ein fot i det gamle og ein i ei heilt ny tid. Lat ikkje omveltingi verta alt for stor. Me må hugsa å berga det verdfulle av det dei representerte som gjekk opp fotefari. Ver ikkje so gloande annige etter å ta opp alt nytt. Ta og vare på det fedrane har bygt, sa Refsdal som var glad for at dalen framleis heldt seg med framstående spelemenn.

Hans Skjervheim hoppa med ein gong so langt fram i tidi at me skal ha 20 timars arbeidsveke. Då vert fritidsproblemet større enn arbeidsproblemi, sjølv om det knapt vert so gale her i utkantane. Det kom eit avgjerande skifte i utviklingi med det som hende her i 50-åri. Før stod det ikkje på arbeidskrafti, berre på avlingi. So kom maskinene og den nye utviklingi tok til med at ein slutta å «slå utåt». Smågraset fekk vera. Omskiftet har gått svært fort siste åri. No gjeld det å gjera mest mogeleg med minst mogeleg arbeid, kalkulera som handelsmenn og senda ungdomen på skular. Før gifte ein seg med kvarandre her i dalen. No finn vel halvparten seg makar andre stader. Ungdomen er ikkje lenger «umagar», men «tenåringar» og mange av dei har ikkje smakt graut. Før kunde ein sjå på kledi kven som var bonde og kven som var bybonden var landets ryggmarg. Han fekk tena halvparten so mykje som andre fordi det var ei so stor ære å vera ryggmarg. Bygdeungdomen finn seg ikkje i slikt lenger og den gamle tidi kjem aldri tilbake. I år 2000 er det kanskje 20—30 storgardar i dalen om ikkje fleire kan leva godt på mindre gardar med god attåtnæring. Det er ikkje bra å vera for få. Mennesket vil gjerne ha selskap for å trivast. Det må ekstrainntekter til om det ikkje skal verta avfolking.

Den gamle agrarideologien held ikkje. Tankegangen at «som far — so son» går ikkje i framtidi, for sonesonen vil det ikkje slik. Det nyttar lite å slåst mot naudsynt rasjonalisering. Ein skal ikkje låsa ting og tilstand fast med gamal ideologi eller arealdisponering for å halda på eit [illegible] som vil fara seg meir og meir.

Grunna transportvanskar hadde ikkje Skjervheim stor tru på industri i dalen. Heilt sikkert vil me i år 2000 ha asfaltert veg til Vangen med to køyrebanar og ein kjem lettare til attåtnæringar, men 20—30 nye arbeidsplassar i dalen vore mykje betre.

Her kan verta mykje turisme i dalen om viljen er der, men det stiller store krav til dei som vil driva. Hadde Myrkdalen lege 2—3 mil frå ein by som München og det folkerike distriktet der vilde det kome 30 hotell og pensjonat på «Smågardane» og 40 på «Bygardane», skiheis til Svålafjellet, gondolbane til Bygdahovden, heis til Andrahaugane og fleire trekk vidare, skitrekk til Storefjellet — og enno er det lite i dette store området om ein samanliknar med mindre område i Tyrol. Slike anlegg vilde gje ei mengd arbeidsplassar og føra nye med seg i alle slag forretningar. Men utanom sesongen vilde det verta bra tomt og keidsamt. Turist-

[illegible] gleyma. Det var ein umåteleg interessant og lærerik tur. Det vert ofte hevda at skilnaden på aust- og vestnorsk jordbruk er so stor at me bønder på Vestlandet ikkje har noko utbytte av slike turar. Fakta er, at når ein ser bort frå flatbygdene på Austlandet er driftstilhøvi mykje godt dei same. Ein møter dei same vanskane å stri med, men ein kan og møta nye driftsformer og nye synsmåtar på mange område. Desse turane som Bondelaget soleis no årvisst skipar til er ein lekk i rettleiingstenesta som det elles vilde vera vanskeleg å oppvisa maken til. Dette at dei mest dugande fagfolk innan området kan syna fram forsøk og røynsle dei har gjort i jord- og husdyrbruk er umåteleg verdfullt. Det er berre so synd at ikkje fleire bønder nyttar eit slikt høve og er med på desse turane.

Me som var med på turen vil nytta høvet til å takka dei som stiller med og skipar turen til. Det er eit langt førebuande arbeid til å planleggja reiseruta og syta for skyss og husrom til overnattingar. Reisefylgjet har ikkje noko å syta for, me reiser som andre turistar med «gald».

Vår varmaste takk til reiseføraren heradsagr. Lyngnes for det meisterlage opplegg og avvikling av turen, og likeeins ei varm takk til bussførar Saue som førde oss utan uheppe gjenom heile turen.

Ein som var med.

— Eg kan ikkje skjøna korleis folk kan halda ut å kjemba seg kvar morgon, sa ein mann. Eg kjember meg kvart jolaftan, og endå riv eg mest av meg hovudet.

Det hende i tretti-åri eingong. Presten hadde fått seg motorsykkel. Alt med registreringi var i orden. Men ein dag kom presten på politikammeret og bad om å få nytt nummer. Politiet kunde ikkje skjøna kva det skulde vera godt for, og vilde vita grunnen.

— Det er berre det at sykkelen har 628 til nummer, og det

«Her kan verta mykje turisme i dalen om viljen er der.»

«…ein måtte finna seg i at gamle fjøs vart innreidde til nattklubbar.»

«…skiheis til Svålafjellet, gondolbane til Bygdahovden, heis til Åndrahaugane og fleire trekk vidare…»


Voss Fjellandsby 2002

# Kommunedelplan 2010

- 3400 fritidsbustader
- Skiheisar med kapasitet 12.000 gjester
- Skiløyper
- Turstiar
- Næring
- Bustad, vegar, LNF, etc…




Myrkdalen Fjellandsby 2022
850 FRITIDSBUSTAD-EININGAR


* Menon 2017
Myrkdalen Fjellandsby 2022
840 FRITIDSBUSTAD-EININGAR
250 TILSETTE
350 Mill.kr årsomsetning
INVESTERINGAR p.t: 3,3 mrdNOK
RINGVERKNADER pr.år: 338 * mNOK i Voss kommune
497 * mNOK i Noreg

Mørkveslia - Skjervheimslia
2022 – 2042 :
1090 einingar

| | | |
|---|---|---|
| Myrkdalen Fjellandsby 2002 - 2022 | : | 850 einingar |
| Budeiehaugen, Helgatunlia + 2023 | : | 150 einingar |
| Sentrumsområdet 2023- 2030 | : | 600 einingar |




Myrkdalen Fjellandsby 2021

Myrkdalen Fjellandsby 2021



**Arealbruk i eit klimaperspektiv :**

- **Brunmyrsområda i Vetlebotn er urørt**




**Arealbruk i eit klimaperspektiv :**

- **Me lagar meir beiteareal enn me byggjer ned**




**Arealbruk i eit klimaperspektiv :**

- **Torvtak på nesten alle hytter og leilegheitsbygg.**
- **Legge til rette for at skog og vegetasjon skal veksa og trivast.**
- **I dei rolegaste månadane hekkar fuglar på torvtak og i skogen i hyttefeltet.**





# Arealbruk i eit klimaperspektiv : SERTIFISERING

Alle dei tre selskapa våre er miljøsertifisert:

- Myrkdalen Fjellandsby
- Myrkdalen Fjellheisar
- Myrkdalen Hotell

# Arealbruk i eit klimaperspektiv : ENERGIFORSYNING

Alle dei store bygga i sentrum har varmt vatn og vannboren golvvarme frå :

BIOVARMEANLEGG basert på lokal flis

| | |
|---|---|
| Etablert: | 2013 |
| Kapasitet : | 1,8 mill. kWh |
| Fyrste utviding: | 2023 |
| Tilknytingsgrad: | 100 % |
| Energipris: | Lavare enn straum |

Resten er basert på varmepumper og grøn kraft, ny linje opna desember 2021

MYRKDALEN



# Arealbruk i eit klimaperspektiv : AVLØPSREINSING

Naturbasert sandfilter- infiltrasjonsbasseng
Ingen tilførte byggematerialar
Ikkje bruk av kjemikaliar og energi
Høg rensegrad
Lav driftskostnad
Lokale arbeidsplassar til dagleg drift



MYRK DALEN

# Arealbruk i eit klimaperspektiv : AVFALLSBEHANDLING

Byggeprosjekta:
- Høg kjeldesorteringsgrad

Hytte- og leilegheitseigarane:
- Full kjeldesortering frå 2002
- Etablering av molok (6 fraksjonar) frå 2021
- Me lærer bergensarane å kjeldesortere



MYRK DALEN

# Arealbruk i eit klimaperspektiv :
# Påverknad av sårbart høgfjellsområde

Informasjon :
- Kalvingsperiode

Aktivitetsutvikling:
- Skape aktivitet i Myrkdalen (alpin, tur, sykkel….)
- Sørge for at gjester held seg i dalen
- Tilrettelegge for og informere dei som vil gå i Stølsheimen og på Vikafjell

MYRK DALEN



# Arealbruk i eit klimaperspektiv : Samfunnsansvar

Utfordring :

- Rasfarleg veg langs Myrkdalsvatnet

Våre bidragg:

- Kjøp av all overskotsmassen (180.000 m3)
- Bidrog til direkte og inndirekter finansiering av 50 av 150 mill,kr anleggskostnad

Resultat:

- Trygg veg for fastbuande og gjester (klimapåverka)




MYRK DALEN

# Arealbruk i eit klimaperspektiv :
# Lokal arbeidskraft. Kort reiseveg til arbeidsplass. Lokal vekst

Bygg og anlegg : Lokale firma (Vinje)

Drift: Avløp, vegar, overvassanlegg

Service: Hytter og leilegheiter
Vedlikehald
Snø om vinteren og gras om sommaren.

MYR DALEN



## Arealbruk i eit klimaperspektiv :
## Kortreist mat i restaurantar og kafear.



Me har 1600 sitjeplassar i restaurantar og kafear.

Menyane våre er basert på kortreise råvarer.

Bønder i Myrkdalen sel gardsprodukt til hytte- og leilegheitseigarar.



MYRK DALEN

## Arealbruk i eit klimaperspektiv :
## Auka bruk av trevirke

Stor bruk av lokalproduserte element av trevirke.

Bruk av precut trevirke, med svært lavt svinn.

Utgreier bruk av massivtre.

MYRK DALEN



## Arealbruk i eit klimaperspektiv :
## Redusere bruk av fossil energi i bygg og alpinanlegg



El-anleggsmaskiner

El-snøscooter

El-trakkemaskiner



MYRK DALEN

# Arealbruk i eit klimaperspektiv :
# Auka elbil-andel.  Auka kollektiv transport.



Ladestasjonar ved hotell, serveringsstader, leilegheitsbygg og i kapasitet hytteområdet.

Tog t/r Bergen, gratis skibuss til Myrkdalen.
7.Januar i år : 8 fullasta bussar kvar veg.



MYRK DALEN

## Arealbruk i eit klimaperspektiv :
## Sist men ikkje minst:

Skape ein fritidsdestinasjon i Myrkdalen som er så god at familiar frå Vestlandet / Bergensområdet:

- Nyttar fritidsbustaden mykje
- Mange vel kollektiv transport
- Parkerer elbilen når dei kjem og lar den stå på langtidslading
- Nyttar lokale tilbod med høg kvalitet, heile året
- Får kortreise opplevingar
- Kuttar ut eller sterkt reduserer alpereiser og sydenreiser.
- Endra vaner i pandemien har vist at dette er mogeleg.
- Me tek dette på alvor og Norway´s Best har fokus på bærekraft, det er sett ned eit eige forum som jobbar med dette internt.

MYRK DALEN





# KORLEIS ER ME KOMME HIT ?

# Myrkdalen Fjellandsby AS 1.04.2020



# Visjon

Nordens mest attraktive fjelldestinasjon

*for heile familien – heile året*

# Kombinasjonen «fjord og fjell» heile året skal gje vidare vekst









FREERIDE THE FJORDS

carriages illustrated with symbols of attractions en route, from fishing and waterfalls to skiing, at our destination, Vatnahalsen. We climb through rocky emptiness to 820m, past lakes and cliffs, the leading engine curving ahead, clinging to precipitous edges as we clickity-clack under reinforcements that look like something used in a Western to shore up a mine.

At the Kjosfossen station everyone leaves the train, so we join them without fully understanding why, to find an elbows-out melée of frantic snapping, itself much more fun than the object, a frozen waterfall.

Vatnahalsen is the last stop before the Flåmsbana reaches Myrdal on the main Oslo to Bergen railway line – our route back to the city at the end of the trip. We're so near to a major transport route, yet so far, too. Getting off the train, the seven of us are the only ones left on the platform, and the view is much more exciting than the waterfall. A wall of snow and behind it, just the hotel, skiers sitting out in the late afternoon sun, with a beer or tea in front of them.

Although it was built in 1896 and became a ski destination in the early 20th century, the hotel fell out of favour as resorts with lifts took over. But then Petter Andresen, a man with as much vision as those investors in Myrkdalen, realised it was the perfect venue for ski touring. Three years ago, he teamed up with the Aksnes family, who own the hotel, and made it his mission to put Vatnahalsen back on the ski map.

Inside, I fall in love with its quirkily decorated, comfortable living rooms and relaxed atmosphere, where ski practicality – kit-drying room and a ski boot-friendly lobby with benches – blends easily with comfort. The spacious bedrooms have big en-suite bathrooms, plentiful hot water and luxurious L:A Bruket toiletries. There's a sauna, and views over a frozen lake, surrounded by mountains just crying out to be skied.

Main: Sailing to Flåm along the UNESCO-rated Nærøyfjord
Left: From Flåm to Vatnahalsen by scenic train


Norway's™ best_
Norway`s best
Presentasjon
27.01.2022
Nils Akselberg



Eigarskap
siva
36,5 %
Aurland Eige
30,8 %
SCHAGE
23,0 %
Sogn SPAREBANK
9,7 %
Med reiseliv som einaste verksemd
Aurland Ressursutvikling AS
Operative reiselivsselskap
Fjord Tours AS (10,63%)
Flåm Utvikling AS (50%)
The Fjords DA (50%)
Norway's best AS (100%)
Eiendom (100%)
Flåm
Myrkdalen Fjellandsby
Narvik Arctic Train AS (34 %)
Myrkdalen Fjellandsby AS (100%)
MYRKDALEN